

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Onsdag 2. februar 2005, kl 0830 – kl 1600

Stad: Sola Strand Hotell, Sola

Saksliste:

Presentasjon av Haraldsplass Diakonale sjukehus og Private ideelle institusjonar ved Administrerande Direktør ved HDS Eivind Hansen.

Sak	01/05 B	Godkjenning av innkalling/dagsorden
Sak	02/05 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 15.12.2004
Sak	03/05 B	Økonomirapport pr. 30.november 2004
Sak	04/05 B	Inntektsfordeling 2005
Sak	04/05 B	Inntektsfordeling 2005
Sak	05/05 B	Konsernbudsjett 2005
Sak	06/05 B	Budsjett for Helse Vest RHF 2005
Sak	07/05 B	Plan for årsoppgjeret 2004
Sak	08/05 B	Protokoll frå Føretaksmøte Helse Vest
Sak	09/05 B	Bestillardokument Helse Vest
Sak	10/05 B	Styringsdokument 2005
Sak	11/05 B	Endring av vedtekter
Sak	12/05 B	Fokusområde 2005
Sak	13/05 B	Beslutningssystem i NAVO HELSE
Sak	14/05 O	Administrerande direktør si orientering
Sak	15/05	Eventuelt

Deltakarar frå styret:

Mai Vik, styreleiar
Arne Norheim, nestleiar
Jon Lekven
Anni Felde
Gerd Kjellaug Berge
Per Hanasand
Øyvind Watne
Aslaug Husa
Ingunn Finne

Frå administrasjonen:

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør og viseadm. direktør Helge E. Bryne
Informasjonsdirektør Bjørg Sandal
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christensen
Rådgivar Torunn Nilsen (ref)

Presentasjon av Haraldsplass Diakonale sjukehus og Private ideelle institusjonar ved Administrerende direktør ved HDS Eivind Hansen

Administrerende direktør ved Haraldsplass Diakonale sjukehus presenterte situasjonen for private ideelle institusjonar og Haraldsplass spesielt, med fokus på følgjande:

Privat "non-profit" verksemd:

Private ideelle institusjonar har lenge vore ein del av "sørge for ansvaret". Dei har stilt areal, bygningsmasse og verksemd til disposisjon for det offentlege helsevesen. Verksemda er verdimeisig motivert, med innslag av diakonal og frivillig omsorg.

Samhandling med Helse Vest:

Dei private ideelle institusjonane har ei rekkje positive erfaringar med samarbeidet med Helse Vest RHF. Det er framleis pågåande prosessar som ikkje er avslutta, men som er viktige for dei private "non profit institusjonane å få avklart.

Behov for avklaringar for 2005:

- Finansiering av kapitalkostnader / Del av investerings- (avskrivings-) midlar
- Modell for gjennomføring av større investeringar
- Representasjon i føretaksovergrepande fora
- Føreseieleg rammevilkår også i høve til tenestetilbodet i spesialisthelsetenesta

Strategi for "nye Haraldsplass":

HDS har planar om nybygg og renovering av eksisterande bygningsmasse. Dette må bli samordna med Helse Vest RHF og Helse Bergen HF når det gjeld innhald og funksjonsfordeling. HDS har areal til utbygging. Det er dokumentert behov for auka sengekapasitet i Bergensområdet. HSD representerer eit komplett sjukehus med relativt god kostnadseffektivitet, og HSD er villig til vidare satsing.

Sak 01/05 B Godkjenning av innkalling/dagsorden

Vedtak (einstemmig):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

**Sak 02/05 B Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF
15.12.2005**

Vedtak (einstemmig):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøtet 15. desember 2005.

Sak 03/05 B Økonomirapport pr. 30.november 2005

Kommentar:

I saka vart rekneskapen per 30.11. lagd fram, medan førebels tal for desember vart presenterte i møtet.

Helse Bergen HF har 0,3 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Stavanger HF har 0,5 millionar kr. i positivt avvik i høve til budsjett.

Helse Førde HF har 10,3 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Fonna HF har 8,6 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Apoteka Vest HF har 1,9 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Vest RHF har 15,5 millionar i positivt avvik i høve til budsjett.

For føretaksgruppa viser dette eit negativt avvik på 5,1 millionar kroner, og eit førebels resultat korrigert for meiravskrivingar på minus 517 millionar kroner.

Vedtak (einstemmig):

Styret tok økonomirapport pr. 30. november til etterretning, og førebels økonomirapportering per utgangen av desember til orientering.

Sak 04/05 B Inntektsfordeling 2005

Kommentar:

Ved tildeling av inntektsramme til helseføretaka er det lagt til grunn at ein ikkje deler ut meir midlar enn det som Helse Vest får frå staten. Det gjenstår framleis forhold som ein ikkje har tilstrekkeleg avklaringar rundt og som Helse Vest vil måtte komme tilbake til i samband med revidert budsjett. Dette gjeld mellom anna omlegging av polikliniske takstar kor tidspunktet no er utsett til 1. september 2005. Det er uklart kva konsekvensar dette vil ha på tildelinga som er lagt inn i basisramma. Forholdet gjeld både egne helseføretak og dei private ideelle.

I bestillinga er det lagt inn eit aktivitetsnivå som er om lag på same nivå som i 2004 justert for forbetra kodepraksis på 2 %. Den nasjonale DRG pris er satt til kr 30.325,-. I prisen er det innarbeida ei føresetnad om gjennomsnittleg indeksvekst på 2 %. Dersom DRG-indeks i ettertid avviker frå føresetnaden vil prisen kunne bli korrigert for den faktiske utviklinga. Helse Vest legg her til grunn dei same føresetnadar som ligg i bestillinga frå Helse og Omsorgsdepartementet.

For 2005 er ISF graden auka frå 40 til 60 %. Ved omregning til 60 % ISF er det gjort eit trekk i basisramma frå staten kor føresetnaden er at den samla inntektsramma skal vere uforandra.

Helse Vest legg med basis i vedtak frå sak 092/04 B og dei føresetnadane som ligg i bestillardokument 2005 fram følgjande forslag til inntektsfordeling 2005 for helseføretaka:

Inntektsfordeling 2005 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering	937 698	496 269	1 466 153	395 032		3 295 151
Inntektsramme Helse Vest RHF					1 879 915	1 879 915
Basistilskot somatikk	730 530	413 903	813 128	318 911		2 276 472
Basistilskot psykiatri	482 508	326 109	608 463	218 095		1 635 175
Høgspesialiserte funksjoner	21 000	-	482 000	-		503 000
Korreksjon for pasientstrøm	-25 982	-31 298	101 900	-44 620		-
Skjønnstilskot	-	27 800	122 500	89 700		240 000
Tilskudd til avskrivning	190 878	113 692	255 024	81 494		641 088
SUM	2 336 632	1 346 475	3 849 168	1 058 612	1 879 915	10 470 801
Fordeling utanfor inntektsmodell:						
Tilskudd i basisrammen						
Poliklinikk overført basisramme	47 487	20 546	59 771	26 213		154 016
Kreftplan	6 910	1 056	9 133	2 507		19 606
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	9 512	472	27 995		37 979
Kompensasjon for el-avgift	4 740	5 100	10 250	2 749		22 840
Førebels uttrekk ny IKT eining	-67 162	-30 931	-89 292	-22 827		-210 212
Tilskot for å dekke faktura frå IKT eining	67 162	30 931	89 292	22 827		210 212
Særskilte tildelingar						
"Mor og Barn" prosjekt	414					414
Øremerket tilskudd						
Opptappingsplan psykiatri 2004	4 063	2 427	4 811	2 682		13 983
Opptappingsplan psykiatri 2005	10 410	8 913	17 000	8 892		45 215
Tilskudd til utdanning	10 432	5 220	89 636	3 952		109 239
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	1 710		2 068			3 778
Regionale komp.sentre- kreftplan			18 846			18 846
Nasjonale med. komp. Sentre			25 397			25 397
Syketransport	32 788	35 544	73 304	62 852		204 488
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 600					3 600
Tilskudd til psykososialt arbeid flyktinger			2 950			2 950
Insulinpumpar	2 534	1 494	4 446	808		9 282
SUM tildelt inntektsramme 2005	2 461 719	1 436 287	4 167 251	1 197 261	1 879 915	11 142 434

Helse Vest har ikkje lagt vilkår om bruk av tilskot til somatikk, psykiatri og avskrivning. Ein syner til styringsdokument angående vekstføresetnaden i psykiatri i høve til somatikk og at inntektsfordelinga i HF'a følgje denne føresetnaden.

Administrasjonen orienterte om møter og dialog helseføretaka og spesielt med Helse Fonna HF i prosessen omkring modell for inntektsfordeling, samt prosess for vidare utvikling av modellen. Styret meiner at inntektsmodellen er betydeleg forbetra frå 2004 til 2005, med meir bruk av objektive kriterium og mindre skjønn.

Vedtak (einstemmig):

1. Styret vedtok inntektsramme 2005, med følgjande fordeling:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Sum tildelt inntektsramme 2005	2 461 719	1 436 287	4 167 251	1 197 261	1 879 915	11 142 434

Detaljert bestilling for dei einskilde helseføretaka er lagt i styringsdokument 2005.

2. Styret viste til vedtak i sak 92/04, og presiserte at modell for inntektsfordeling må bli gjennomgått i samsvar med vedtaket.
3. Administrerende direktør får fullmakt til å foreta endringer og eventuelle korrigeringar innanfor den samla ramme.
Administrerende direktør får og fullmakt til å fordela på helseføretaka og private ideelle, budsjettpostar som står med samlebeløp i Helse Vest RHF.

Protokolltilførsel frå Aslaug Husa, Ingunn Finne og Øyvind Watne:

Dei tilsette uttrykker stor bekymring i høve til dei knappe økonomiske rammer og dei krav som eigar stiller til helseføretaka. Bekymringa er først og fremst retta mot behandlingsskapasitet, kvalitet og konsekvensar for pasientar og pårørande og den slitasje dette fører til for dei tilsette.

Sak 05/05 B

Budsjett for Helse Vest RHF 2005

Kommentar:

Helseføretaka har med utgangspunkt i sak 092/04 B foreløpig inntektsramma 2005 lagt fram sine budsjett til behandling i dei respektive styra. Helse Vest har ved framlegg av denne saka lagt til grunn budsjettvedtaka som dei respektive styra har fatta..

Administrasjonen vil kome tilbake med ei nærare utgreiing så snart ein har fått avstemt inntektsramma mellom HF'a og RHF.

Med basis i inntektsgrunnlaget vil administrerende direktør legge fram eit budsjett for føretaksgruppa på kr 186 mill i underskot for 2005.

Resultatet kjem fram av tabellen under:

Alle tall i hele mill. kroner

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apo- tekene	Kjøp av helsetjen.	Helse Vest admin.	Eliminering	Foretaks- gruppen
Driftsinntekter									
Basisramme, tilskot og refusjonar	1 491	923	2 799	809	-	7 610	-	-5 757	7 876
ISF egne pasienter	1 006	524	1 534	419	-	3 947	-	-3 580	3 849
Gjestepasienter	-	-	-	-	-	107	-	-	107
Polikliniske inntekter inkl egenandeler	234	115	416	96	-	-	-	-	861
Andre driftsinntekter	72	46	123	42	438	-	-	-245	476
Sum driftsinntekter	2 802	1 608	4 872	1 367	438	11 664	-	-9 583	13 168
Kjøp av helsetjenester	338	158	586	278	345	11 599	-	-9 583	3 721
Lønn og sosiale kostnader ekskl pensjon	2 036	1 136	3 615	898	72	-	26	-	7 784
Andre driftskostnader	316	225	521	151	19	-	36	-	1 268
Avskrivninger	108	108	270	73	2	-	3	-	565
Sum driftskostnader	2 799	1 627	4 993	1 400	438	11 599	65	-9 583	13 338
Driftsresultat	4	-19	-121	-33	-0	65	-65	-	-169
Finansinntekter	-	-	-	-	0	-	-	-	0
Finanskostnader	4	2	9	3	-	-	-	-	17
Finansresultat	-4	-2	-9	-3	0	-	-	-	-16
Ordinært resultat	0	-20	-130	-36	-	65	-65	-	-186

Bestillardokument 2005 opprettholder krav om resultat i balanse i 2005. Helse Bergen og Helse Førde må arbeide vidare med å identifisere tiltak for å nå balanse. Tiltaka må ha ein samla heilårseffekt i 2006 som inneber at føretaksgruppa samla sett går i balanse frå og med 2006.

Administrerende direktør viste til samtalar med styreleiar og administrerende direktør i Helse Fonna i desember 2004 der Helse Fonna fekk tilbod om å gå med inntil 20 millionar kr i underskot i 2005. Dette vart og drøfta med departementet 22. desember 2004 der Helse Vest var representert med styreleiar og administrerende direktør.

Basert på den økonomiske situasjonen i Helse Fonna vil administrerende direktør rå til at Helse Fonna får høve til å gå med underskot inntil 20 millionar kroner i 2005. Dette skal løysast innafor gjeldane budsjett og inntektsrammer og skal ikkje føre til endringar i akuttfunksjonar og fødetilbod.

Vedtak (einstemmig):

1. Konsernbudsjett 2005 for føretaksgruppa Helse Vest vart vedteke med følgjande beløp:

HF	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Sum
Resultat	0	-20	-130	-36	-186

Helse Bergen, Helse Førde og Helse Fonna må arbeide vidare med å identifisere tiltak slik at resultatet frå og med 2006 er i balanse.

2. Administrasjonen legg fram likviditetsbudsjett til kommande møte. Eventuelle behov om ekstra driftskreditt må meldast inn til eigaravdelinga med oppmoding om endra vedtekt om beløp knytt til driftskredittramme.

Sak 06/05 B

Budsjett for Helse Vest RHF 2005

Kommentar:

I budsjettframlegget er det tatt omsyn til vedtatt kostnadsramme. I tillegg er det lagt inn ei styrking av bemanninga med 2 stillingar, ei stilling innanfor helsefag og ei innanfor prosjektstyring. Dette gir følgjande budsjettramme for Helse Vest administrasjon:

	Budsj. -04	Budsj. -05
Lønnskostnader:		
(50) Lønn til ansatte	-12 268	-14 927
(51) Lønn til ansatte	-1 472	-1 791
(52) Fordel i arbeidsforhold	-177	-287
(53) Annen oppgavepliktig godtgjørelse	-871	-938
(54) Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	-4 383	-4 881
(55) Annen kostnadsgodtgjørelse		-100
(56) Kompetanse og rekruttering	-3 127	-2 455
(58) Offentlige refusjoner vedrørende arbeidskraft	150	
(59) Annen personalkostnad	-599	-658
(5) Lønnskostnad	-22 747	-26 037
Andre driftskostnader:		
(60) Av- og nedskrivning	-3 000	-3 000
(63) Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	-1 380	-1 406
(64) Leie mtu, maskiner, inventar o.l.	-90	-90
(65) Utstyr og driftsmaterialer som ikke skal aktiveres	-620	-500
(67) Eksterne tjenester	-22 590	-23 009
(68) Kontorkostnad, trykksak o.l.	-1 863	-954
(69) Telefon, porto o.l.	-275	-1 100
(71) Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	-3 972	-3 636
(73) Salgs- og reklamekostnad	-2 780	-2 135
(74) Kontingent og gaver	-15	-30
(75) Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	-25	-85
(76) Lisens -og patentkostnad	-800	-1 615
(77) Annen kostnad	-1 040	-1 640
Annen driftskostnad, av-og nedskrivninger	-38 450	-39 200
(RS) Resultat	-61 197	-65 237

Vedtak (einstemmig):

1. Styret vedtok budsjett for administrasjonen i Helse Vest RHF innafor ei ramme på kr 65,2 mill.
2. Administrasjonen må kartlegge dei økonomiske konsekvensane knytt til etablering av internrevisjon og bestillarfunksjon. Endring av kostnadsramma som følgje av organisasjonsendringar vil måtte leggst fram for styret til godkjenning.

Sak 07/05 B Plan for årsoppgjeret 2004

Kommentar:

Tidsplan for arbeidet med årsoppgjeret for 2004 vart lagt fram for styret.

Vedtak:

Styret tok den framlagde plan for årsoppgjeret 2004 til orientering.

Sak 08/05 B Protokoll frå Føretaksmøte i Helse Vest

Kommentar:

Det er sett i gong eit prosjekt som skal gjennomgå organisasjonen Helse Vest RHF, for å gje innspel til korleis Helse Vest RHF kan tilpasse organisasjonen for å møte nye krav frå eigar framsett i Protokoll frå Føretaksmøtet ein hensiktsmessig måte, særleg i høve til bestillarfunksjon, internrevisjon, prosjektleiing og eigarstyring frå RHF til HF.

Ulike alternativ til løysingar vi bli presenterte for styret på styreseminaret 14. mars.

Vedtak (einstemmig):

Protokoll frå Føretaksmøte i Helse Vest RHF vart tatt til orientering.

Sak 09/05 B Bestillardokument Helse Vest

Kommentar:

Bestillardokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet til Helse Vest RHF vart tilgjengeleg 11.januar 2005. I bestillardokumentet er det formulert krav til "sørgje for" ansvaret. I bestillardokument for 2005, er det særleg fokus på følgjande områder:

Sterkt auka fokus på kronikargruppene og habilitering/rehabilitering, vekst innan psykiatri og rus skal vere større enn for somatikk, auka samhandling med kommunane, utarbeide heilskapelege strategiar for utvikling av lokalsjukehusa, forskning og brukarmedverknad.

Styret vil følgje opp at endra ISF ikkje må føre til svekka tilbod til prioriterte grupper.

Styret presiserte og at epikrise skal sendast til fastlege og ikkje berre til innleggande lege.

Vedtak (einstemmig):

1. Bestillardokument 2005 vart tatt til etterretning.
2. Styret ba administrasjonen konkretisere dei spesifikke krav til Helse Vest RHF som går fram av Bestillardokumentet for 2005. Styret ønskjer at det blir utarbeidd ein oversikt over desse konkrete krava, som viser handlingsplan for iverksetting av tiltak og plan for når sakene skal leggjast fram for styret.

Sak 10/05 B Styringsdokument 2005

Kommentar:

HOD har presentert sine krav som eigar i protokoll frå føretaksmøtet. I bestillardokumentet er det formulert krav til "sørgje for" ansvaret. Helse Vest overleverer også i 2005 eit samla styringsdokument til HFa og Helse Vest IKT som omfatter både eigarstyring og bestilling.

I styringsdokumentet blir det stilt krav til helseføretaka og Helse Vest IKT når det gjeld prioritering, aktivitetsnivå, kvalitet på tenestene og økonomiske resultatkrav, bl.a. med bakgrunn i nasjonale krav til Helse Vest RHF, jf bestillardokumentet til Helse Vest RHF og protokoll frå føretaksmøtet.

I styringsdokumentet til helseføretaka og Helse Vest IKT er det tatt utgangspunkt i hovudpunkta frå bestillardokumentet til Helse Vest RHF og protokoll frå føretaksmøtet. All informasjon i desse dokumenta er likevel ikkje vidareført i styringsdokument til helseføretaka. Dokumenta blir lagt ved styringsdokumentet til helseføretaka. Styringsdokumentet til helseføretaka og Helse Vest IKT byggjer elles på overordna føretaksplan og følgjer opp regionale prosjekt og fokusområde og vedtak som er gjort i styret. Styringsdokumentet er i hovudtrekk bygd opp på tilsvarande måte som for 2004.

Styret ba administrasjonen undersøke kva moglegheit som finns for å etablere pasientmåling på avdelingsnivå i føretaka.

Styret gav sin tilslutning til styringsdokumenta i samsvar med forslaget dagsett 02.02.05, med følgjande endringar:

- Sidetal i innhaldslista må korrigerast.
- 5.1 D – Det må presiserast at epikrise skal sendast til fastlegen innan 7 dagar etter utskriving.
- 6.2 – Alle føretaka skal ver IA-bedrifter og fokus på inkluderande arbeidsmiljø skal oppretthaldast

Vedtak (einstemmig):

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2005 til Helse Førde HF.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2005 til Helse Bergen HF.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2005 til Helse Fonna HF.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2005 til Helse Stavanger HF.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2005 til Apoteka Vest HF.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2005 til Helse Vest IKT AS.

Sak 11/05 B Endring av vedtekter

Kommentar:

I føretaksmøte 17. januar 2005 blei det gjort endringar i vedtektene til Helse Vest RHF:

Vedtektene til Helse Vest RHF og dei underliggjande helseføretaka har ei felles oppbygging, og det er etablert ei logisk samanheng mellom dei to regelsetta. Når øvste eigar gjer endringar i vedtektene til Helse Vest RHF, er det difor naturleg å gjere ei vurdering av om desse endringane skapar behov for også å gjere endringar i vedtektene i helseføretaka. I samsvar med saksutgreiinga vil dette føre til endringar i § 6 og § 12 i vedtektene til helseføretaka.

Vedtak (einstemmig):

Styret slutta seg til dei vurderingane som er gjort i saksførelegget. Endringane i vedtektene skjer ved at Helse Vest RHF som eigar, treffer vedtak i føretaksmøte i det einskilde helseføretak.

Sak 12/05 B Fokusområde 2005

Kommentar:

Styret valde i 2004 å fastsette fokusområde for å rette merksemda mot særskilte område innanfor styrets ansvarsfelt. Desse områda blei det rapportert på til kvart styremøte, og utviklinga gjennom året blei følgt i helseføretaksstyra og i leiarfora på ulike nivå. Ordninga med fokusområde blir foreslått ført vidare i 2005.

Styret ønskja i tillegg til samla tal på ventetid, å etablere rutinar for månadleg særskilt rapportering på felte somatikk, rus og psykiatri.

Styret ønskja og på sikt å få til jamleg måling av pasienttilfredshet, samt å utvikle gode parameter for å måle resultat i høve til kronikargrupper, rus og psykiatri.

Fokusområda skal vere områder der vi skal ha sterkt fokus, og raskt korrigere avvik.

Vedtak (einstemmig):

1. Styret vedtok følgjande fokusområde for 2005:

- Pasientfokus - somatikk, psykiatri og rus:
 - gjennomsnittlege ventetider
 - fristbrot
 - epikrisetid

God verksemdstyring:

- balanse 2005
- internkontroll – spesielle lovkrav
- løns- og personalkostnader

2. Styret legg til grunn at det skal rapporterast på desse fokusområda kvar månad, og at resultat skal presenterast i helseføretaksstyra og leiarfora på ulike nivå.

Sak 13/05 B Beslutningssystem i NAVO HELSE

Kommentar:

Denne saka vart lagd fram for å orientere styret om korleis helseføretaka har organisert sitt arbeid i Arbeidsgiverforeningen NAVO, særleg når det gjeld spørsmål knytt til dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår, og dei regionale helseføretaka si rolle i dette arbeidet. Det blir lagd opp til at dei regionale helseføretaka innan ramma av NAVO sine vedtekter i fellesskap skal avgjere forhold som angår løns- og arbeidsforhold i helseføretaka.

Vedtak (einstemmig):

Styret i Helse Vest RHF tok utgreiinga om beslutningssystem for NAVO-Helse til etterretning.

Vara for administrerande direktør til styret for NAVO-Helse blir viseadministrerande direktør i Helse Vest RHF, Helge Bryne.

Sak 14/05 B Administrerande direktør si orientering

1. Fokusområda 2004:

PASIENTFOKUS

Status i høve til ventelister, ventetider, epikrisetid og korridorpatientar vart gjennomgått.

Gjennomsnittleg ventetid for heile regionen vart på 89 dagar. Når ein trekker ut Haraldsplass, vart resultatet for HFa samla 88 dagar

Helse Bergen: 92 dagar

Helse Stavanger: 98 dagar

Helse Førde: 72 dagar

Helse Fonna: 54

Private (Haraldsplass): 97 dagar

Epikrise: På resultat ligg vi i øvre skikt i høve til resten av landet, men det er fortsatt langt igjen for å nå mydigheitskravet. Vi må ha fortsatt fokus på dette.

Helse Bergen: 40%

Helse Stavanger: 58%

Helse Førde: 50%

Helse Fonna: 42%

Private (Haraldsplass): 51%

Korridorpasientar:

I Helse Stavanger skuldast dette kapasitetsproblem, og det er urealistisk å tru at talet på korridorpasientar vil gå noko særleg ned.

I Helse Bergen er det sett i gong tiltak etter varsel om pålegg ved Sandviken med mål om å fjerne korridorpasientane.

Pasienttilfredsheit:

Administrasjonen gjekk igjennom resultat frå måling av pasienttilfredsheit hausten 2004.

Det er små variasjonar mellom regionar og mellom HFa.

Indre Sogn psykiatrisenter, Stord DPS og Hospitalet Betanien får jamt over noko dårlegare resultat enn dei andre.

Folgefonn DPS, Psykiatrisk klinikk Førde og Nordfjord psykiatrisenter får jamt over noko betre resultat enn dei andre poliklinikkane.

Psykiatrisk klinikk Førde er signifikant betre enn landssnittet på hovudindeksen og på dei underliggjande dimensjonane utbytte av behandlinga og behandlarrelasjon.

BALANSE 2004

Administrasjonen viste til utsendte lysark.

DATABASE FOR STYRINGSINFORMASJON

EIGARSTYRING/SELSKAPSLEIING

2. Helse Vest sin medverknad i samband med flodbølgekatastrofen

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Nevrokirurgi i Helse Vest

Administrasjonen viste til utsendt notat, med korrigeringar utdelt i møtet.

Styret viste til vedtak i sak 30/02 og presiserte at målet med den pågåande prosessen må vere å reetablere den eksisterande avtalen. I fall ein ikkje lukkast med ei løysing som byggjer på den eksisterande avtalen, vil styret ha saka opp til ny handsaming i RHF-styret.

Funksjonsfordelingssaker er omstridde, og det kan vere naudsynt å trekke konklusjonar på diagnosenivå. Slike saker skal som prinsipp avgjerast av styret for Helse Vest RHF når dei vedrører to eller fleire av helseføretaka.

4. Psykiatri – Opptrappingsplanen i Helse Stavanger

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Resultat 2002 – 2004

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Resultata vil bli lagde inn i årsmelding og presenterte i media.

6. Prosjekt fritt sjukehusval

Administrasjonen orienterte om annonsekampanje, TV-reklame, visittkort med meir. Profilopplegget skal ha som formål å orientere om og auke bruk av fritt sjukehusval. Fokus er enkel informasjon og service til pasientane våre.

Dei fyrste annonsane har innrykk i uke 5.

Styret gav si tilslutning til kampanjen.

Eit mogleg prosjekt der nokon kan ta direkte telefonisk kontakt med pasientar som står på venteliste eit sted og som kan få kortare ventetid ein anna plass, vart presentert.

Juridiske problemstillingar må avklarast nærare.

7. Avtaler med private ideelle institusjonar og 3-årig rammeavtale med Haraldsplass Diakonale Sjukehus

Administrasjonen viste til utsendt notat.

8. Orientering om relevante lovar og myndigheitskrav i perioden 01.12.04 – 14.01.05

Administrasjonen viste til utsendt notat.

9. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 01.12.04 – 19.01.05

Administrasjonen viste til utsendt notat.

10. Endring i program for Styreseminar 14. mars samt ekstraordinært styremøte i februar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Vedtak (einstemmig):

Styret tok meldingane til orientering

Sak 15/05 B Eventuelt

Ingen saker vart handsama under eventuelt.

Skriv og meldingar:

Styret vart gjort kjend med følgjande skriv og meldingar:

- Brev vedrørande modell for fastsetjing av inntekter 2005, frå Helse Fonna HF ved Styreleiar Geir Worum
- Brev frå HOD dagsett 23.12.04 – Åpne styremøter
- Saksframlegg til Styret i Helse Sør RHF – Forslag til endring av Helseforetakslova § 43 med tilhørande forslag til ny forskrift om rekneskapsføring av anleggsmidler (Saka vart delt ut i møtet)

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger, 02. februar 2005

Mai Vik
Styreleiar

Arne Norheim
Nestleiar

Anni Felde

Per Hanasand

Jon Lekven

Gerd Kjellaug Berge

Øyvind Watne

Ingunn Finne

Aslaug Husa